

## **Så lenge skuta kan gå**

**Så lenge skuta kan gå, så lenge hjarta kan slå,  
så lenge sola ho glitrar i bylgjene blå,  
om berr' ein dag eller to, er endå lykka deg god,  
for det er mange som aldri i solglansen sto.**

**Og kven har sagt at just du kom til verda  
for å få solskin og lykke på ferda?  
få stå i stjerneklar glans og føre skuta til lands  
og få ein kyss eller to i ein feiande dans?**

**Ja, kven har sagt at just du sku' få høyre og sjå  
og ha toner av gull uti din strupe?**

**Og kven har sagt at just du alt det beste sku' få  
og få vogge som fuglen på djupet?**

**Og om med motor'n i gang, du synest vakta fell lang,  
så hugs at snart klemtar klokka for deg: ding-ding-dang!**

**Så lenge skuta kan gå, så lenge hjarta kan slå,  
så lenge sola ho glitrar i bylgjene blå,**

**så ta med glede din tørn til du fri er,  
snart får du kvile til evige tider.**

**Men ikkje hindrar vel det at du kan glad svinge med  
i den sjudundrande valsen til sola går ned.**

**Det er ufatteleg flaks at du lever, min venn,  
og kan valse ikring uti Havanna!**

**Om lommeboka er tom, så ta hyre igjen  
med karabisk passatvind kring panna.**

**Greie jobben med glans, stemne atter til lands,  
ta ein kyss eller to i ein feiande dans  
så lenge skuta kan gå, så lenge hjarta kan slå,  
så lenge sola ho glitrar i bylgjene blå.**